Vi les av planstrategidokumentet at Volda kommune er seg bevisst at ein samordna areal- og transportplanlegging er viktig for å sikre berekraftig arealbruk, redusere transportmengde og for å endre transportmiddelfordelinga i ei meir miljøvennleg retning. I denne samanheng viser vi også til dei *statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*, som skal leggast til grunn for arealplanlegging og utbyggingsmønster.

#### Felles planlegging i sjøareala

Under *utviklingstrekk og utfordringar* er det nemnt at behovet for felles planlegging mellom fleire kommuner er større enn på land. Dette er grunngeve med m.a. omstrukturering av havbruksnæringa og det mange opplever som større press på sjøareala. Som det også står, er det ikkje sett i gang slike samordna prosessar på Sunnmøre. Vi er einig i vurderinga av at det er mykje å hente i ei felles planlegging på tvers av kommunar for dette temaet, og oppmodar om at Volda kommune gjerne tar initiativet til eit slikt arbeid.

#### Landbruk

Vi minner om den nasjonale jordvernstrategien, vedteken i 2015, der Stortinget fastsette eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar. Stortinget bad regjeringa sørge for at målet vert gradvis nådd innan 2020. Dette er ei overordna føring som sjølvstøtt er forpliktande også for arealplanlegging i Volda kommune. Det er positivt at kommunen vil utarbeide ein fagrapport som viser kjerneområde landbruk i Volda, som skal vere ferdig i 2017. Vi legg til grunn at dei nasjonale føringar med omsyn til jordvern er eit berande prinsipp i denne, og at rapporten vil vere eit viktig grunnlagsdokument i utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel.

#### Samfunnstryggleik

I plan- og bygningslova forventast det at all planlegging skal fremje samfunnstryggleik, jf. § 3-1. Det betyr at samfunnstryggleik skal vere ein integrert del av dei ulike planleggingsdelane og -prosessane. Kravet til eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap kjem òg fram av forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3. Vidare skal omgrepet samfunnstryggleik tolkast vidt, og kan få følgjer for mange tema

som takast opp i planstrategien. Til dømes redusering av risiko og sårbarheit i tekniske system innan vatn og avlaup, drift av sjukeheim/skular, trygg arealbruk osb.

Sivilbeskyttelseslova seier at kommunen sin heilskaplege ROS-analyse skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar, og elles ved endring i risiko- og sårbarheitsbiletet, jf. § 14.

Vi gjer vidare merksam på at den kommunale beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum ein gong i året, jf. sivilbeskyttelseslova § 15. Vi kan ikkje sjå at kommunen har lagt opp til ein årleg revidering av denne. Vi ber om at dette blir endra for at strategien skal vere i tråd med kravet i sivilbeskyttelseslova.

### **Barn og unge**

Tilrettelegging av gode oppvekst- og nærmiljø, og med særleg søkelys retta mot barn og unge sine interesser, skal inngå som eit viktig tema i samfunnsplanlegginga – både nasjonalt, regionalt og lokalt. Vi har sidan 1989 hatt eigne rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga.

Korleis det er der barn veks opp er, kan avgjere den enkelte sine moglegheit for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og ei god helse. Det vil og ha innverknad på det vaksne livet. Å skape gode møtestader, moglegheit for fantasibasert leik, samvær og fysisk utfalding er dei viktigaste oppgåvene samfunnet har. Gode fellesskapsløysingar er eit godt utgangspunkt for eit inkluderande oppvekstmiljø. Kommunen har gjennomført barnetrakkartlegging to gonger. Det gir verdifull informasjon om kvar barn og unge ferdast, og legg til rette for å ta omsyn til deira behov i planlegginga. Det meiner Fylkesmannen er bra.

I FN sin barnekonvensjon heiter det i forenkla versjon at «ved alle handlingar som vedkjem barn skal det som gagnar barnet best vere eit grunnleggjande syn» (jf. art 3) og «barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på» (jf. art 12). For at FNs barnekonvensjon skal følgjast opp i praksis, må samfunnet legge til rette for deira deltaking og medverknad. Det kjem ikkje fram korleis kommunen vil legge til rette for barn og unge si eiga involvering og medverknad i planprosessar og utvikling av kommunen, men vi vil minne kommunen om å ta ansvar for å tilpasse informasjonen til barn og unge sitt nivå og invitere dei inn til nærare samarbeid.

Kommunen gjennomførte i 2015 ei kartlegging av barn og unge sin oppvekstvilkår, initiert av fylkeskommunen og Fylkesmannen. Det blei utarbeidd ein samlerapport for heile fylket på bakgrunn av kartlegginga, kalla [BarneByks](#). Vi oppmodar kommunen om å legge denne kartlegginga til grunn når dei skal vurdere utvikling av tenester til barn og unge. I tillegg har kommunen tatt del i Ungdata-undersøkinga. Her er det mykje verdifull informasjon om oppvekstvilkår til barn og unge som kan nyttas i ei heilskapleg tenking om barn og ungdom i Volda.

Kommunen utarbeider no ein kvalitetsplan for oppvekst og opplæring om skal vere ferdig 2017. I tillegg skal det starte opp arbeid med ein beredskapsplan for oppvekst og

opplæring. Det er eit godt utgangspunkt for å sikre barn og unge gode og heilskaplege oppvekstvilkår og legge til rette for samhandling. Vi vil også oppmode kommunen om ta med seg barn og unge-perspektivet inn i all utvikling av planar, som eit gjennomgåande perspektiv. Barn og unge utgjør omtrent ein firedel av befolkninga. Skal dei unge bli verande eller kome tilbake til kommunen etter avslutta utdanning er det avgjerande at dei opplever å bli tatt på alvor og ivaretatt i sin eigen oppvekst.

God kvalitet på oppvekstmiljø er avhengig av m.a. av god kompetanse hos personalet i barnehage og skule. Vi vil minne om at det kjem *Ny rammeplan for barnehage* som blir fastsett 1.8.2017. Planen har som mål å heve kvaliteten i alle barnehagar.

Vi minner også om at ny lov om det psykososiale miljøet i skulen kjem 01.08.2017. I kvalitetsplanen for oppvekst er det naturleg å ta med barnehagemiljøet, også med tanke på førebygging og tidleg innsats. Dette er viktig for utviklinga til barn og ungdom seinare i skule og arbeidsliv. Vi minner også om dei nye kompetansekrava i lovverket for lærarar som blir innført frå 2025. For å oppfylle kompetansekrava er det viktig med ein langsiktig plan over kompetansebehov for å nytte seg av statlege midlar til stipend- og vikarordningar som er til disposisjon for kommunane dei komande åra.

### **Folkehelse**

Ny lov om folkehelsearbeid kom i 2012. Føremålet med lova er å bidra til ei utvikling som fremmar folkehelse, og mellom anna utjamnar sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremje helse og trivsel i befolkninga, gi gode sosiale og miljømessige forhold og medverke til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

Lova legg til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, med blant anna krav om oversikt over helsetilstand og dei positive og negative faktorar som påverkar dette. Volda kommune har utarbeidd statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014.

Oversikta over helsetilstanden og påverknadsfaktorar skal ligge til grunn i arbeidet med kommuneplanar etter plan- og bygningslova. Når kommunen gjer vurderingar for helsekonsekvensar på kort og lang sikt, må desse vurderingane følge dei ulike planer med mål og strategiar, jf. folkehelseloven §§ 5 og 6.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse>

Volda kommune har i kommuneplanen sin samfunnsdel folkehelse som eitt av åtte hovudtema. Folkehelse inngår også som eit overordna og førande prinsipp for heile planen.

Dei mest typiske utfordringane som mange kommunar slit med, er samhandling mellom dei ulike tenestene for å sikre ei god utvikling og innovasjon i arbeidet med folkehelse. Korleis kommunen legg opp til samhandling mellom tenestene og i samfunnet generelt, vil ha mykje å seie for korleis folkehelsearbeidet blir integrert i utvikling av lokalsamfunn.

### **Universell utforming**

Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengelig for alle.

*Handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013* blir no følgd vidare opp av ein *ny handlingsplan for universell utforming 2015-2019*. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet koordinerer politikken på området.

Universell utforming er nedfelt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova. I lova sin § 1-1 heiter det at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging og krava til det enkelte byggetiltak. Dette betyr at likeverdige muligheiter til samfunnsdeltaking skal fremmast gjennom plan- og bygningslova med tilhøyrande retningslinjer og føresegrer. Dette gir regionale og lokale myndigheiter høve til å omsette overordna visjonar for samfunnsutvikling og demokrati i konkrete mål for utforming av rammer rundt samfunns- og kvardagsliv. Dette vil kunne omfatte forhold knytt til bustad og buforhold, utdanning, arbeid, fritid, transport m.v.

I tillegg til at universell utforming er forankra i formålsparagrafen til Plan- og bygningslova er det i lova sin § 3-1 peika på at planlegginga spesielt skal

- *legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljø og gode oppvekst- og levkår i alle deler av landet*
- *fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet*

Universell utforming er eit sektorovergripande tema som vedkjem ei rekke samfunnsområde. Etter diskriminerings- og tilgjengelighetslova skal offentlege verksemder "*arbeide aktivt og målretta for å fremme universell utforming innanfor virksomheten*". Tilsvarende gjeld for private verksemder retta mot allmennheita. For bygningar, anlegg og uteområde retta mot ålmenta gjeld krav til universell utforming i eller i medhald av plan- og bygningslova. Byggteknisk forskrift [TEK 10](#) som er gitt med heimel i Byggesaksdelen av Plan- og bygningslova, vil konkretisere prinsippet om universell utforming i denne del av lovverket. Forskrifta viser til ein minstestandard for universell utforming i tråd med diskriminerings- og tilgjengelighetslova si rettslege forståing av omgrepet. Forskrifta omfattar både nye bygg og anlegg og ombyggingar.

Universell utforming stiller vidare føresetnader om inkluderande planlegging. Medverknad, jf. § 5-1 og § 5-2, er utvida til også å omhandle vilkår for at folk skal kunne delta. Møtelokale skal vere tilgjengelege og informasjon skal formidlast slik at den kan oppfatast av blinde og svaksynte. Erfaringskompetansen til personar med nedsett funksjonsevne blir i eit slikt perspektiv ein viktig ressurs for regional- og kommunal planlegging.

Arbeid med den kommunale planstrategien er eit godt tidspunkt for å drøfte universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga i kommunen, sektorane si verksemd på dette feltet og behovet for særskilte grep når det gjeld vidare planlegging. Det kan gjelde lokaliseringsspørsmål og utbyggingsmønster i forhold til næringsutvikling, bustad, samferdsel, utdanning, arbeid, fritid, tettstadutvikling m.v. Dette er også tidspunktet for å invitere kommunale råd og lokale brukarorganisasjonar til medverknad. Det kan i denne prosessen avklarast om det er behov for ein eigen kommunedelplan for universell utforming.

Vi viser elles til meir utfyllande informasjon om universell utforming og planlegging etter pbl på <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/temaveileder-universell-utforming-og-pla/id557913/>

### **Helse, omsorg og sosial tenester**

Volda kommune viser til ein befolkningsutvikling som inneber utfordringar med auka behov for helse- og omsorgstenester. Regjeringa oppmodar kommunane til å setje fornying og forbetring av omsorgssektoren på dagsorden i kommunalt plan- og utviklingsarbeid. For å sikre betre kvalitet i tenestene løfta regjeringa fram nye og forsterka tiltak i *Omsorg 2020* og i Meld. St. 26 (2014–2015) «Fremtidens primærhelsetjeneste- nærhet og helhet». Kommunen sine utfordringane knytt til alderssamansetning med fleire eldre, vil og gje ei auke i behov knytt til personar med demens. Fylkesmannen viser til *Demensplan 2020* som har mål å skape eit meir demensvenleg samfunn, som tek vare på og integrera personar med demens i fellesskapet. Vi viser til strategiske grep og tiltak i planen.

I arbeidet med rullering av helse- og omsorgsplan vil det å vere naturleg å inkludere korleis kommunen vil utvikle og innføre bruk av velferdsteknologi. Hovudmålet på nasjonalt nivå er at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i helse- og omsorgstenestene innan 2020. For å sikre ei god utvikling og innovasjon i helse- og omsorg vil tenestene vere heilt avhengig av nye framtidsretta digitale løysingar og bruk av velferdsteknologi.

Gjennom *Kompetanseløft 2020* blir kommunane oppmoda til å setje dei samla utfordringane kring kompetanse på dagsorden i den heilskaplege kommunale planlegginga. Ein god kompetanseplan vil bidra til å heve kvaliteten på tenestene. Det vil og vere eit verkøy for å sikre god rekruttering og stabil bemanning i kommunale helse- og omsorgstenester.

Helsefremmande og førebyggjande tenester skal vere ein del av alle kommunale helse- og omsorgstenestene. Det gjeld tilbod til barn og unge og tilbod til befolkninga generelt. Tiltak skal fremme helse og søkje å førebygge sjukdom, skade og sosiale problem. Gjennom samhandlingsreforma og nasjonale føringar er det strategi for å førebygge meir og behandle tidlegare. Fylkesmannen tilrår at kommunen inkluderer helsefremmande og førebyggjande innsats i temaområde helse og omsorg.

Det er kome ny *Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019*. Planen gir ein oversikt over hovudutfordringane på habilitering og rehabiliteringsfeltet og fastsetter kortsiktige og langsiktige strategiar for å for å møte desse.

I tillegg vil vi minne om at overordna mål for regjeringa sin politikk for personer med utviklingshemming er likestilling og likeverd, sjølvråderett, deltaking og integrering. Vi viser til [Meld. St.45 «Frihet og likeverd - Om mennesker med utviklingshemming»](#) og [NOU 2016:17 «På lik linje- åtte løft for å realisere grunnleggande rettigheter for personer med utviklingshemming»](#)

I 2015 kom ein nasjonal opptappingsplan for rusfeltet, [Prop. 15 S](#). Eit viktig fokus her er at rusomsorga skal vere ein del av det ordinære tenestetilbodet i helse og omsorgssektoren

og ikkje ei særomsorg. Korleis kommunen legg opp til felles mål og samhandling mellom tenestene, har mykje å seie for utvikling av gode helse- og omsorgstenester for dei som treng det, inklusive menneske med rusproblem. Kommunen har ein alkoholpolitisk handlingsplan revidert i 2016. Alkoholpolitikk er ein berre ein del av det ruspolitiske arbeidet. Vi vil oppmode kommunen til å lage ein heilskapleg ruspolitisk strategi for å betre og styrke ein tverrfagleg, samordna og heilskapleg teneste til menneske med rusproblem og deira pårørande. Rettleiaren «[Sammen om mestring](#)», eit godt hjelpemiddel for å utvikle lokalt heilskapleg psykisk helsearbeidet og rusarbeid for vaksne.

[Bustad for velferd](#) er ein nasjonal strategi som handlar både om å skaffe bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden og å styrke den enkelte sin evne til å meistre det å bu i eigen bustad. Dette krev innsats frå fleire etatar og sektorar. Måla for strategien er tredelt:

- 1) Alle skal ha ein god stad å bu
- 2) Alle med behov for tenester, skal få hjelp til å meistre det å bu
- 3) Den offentlege innsatsen skal være heilskapleg og effektiv

Kommunedialogmøta som Fylkesmannen har gjennomført dei siste åra, viste at nesten alle kommunane i fylket har utfordringar på dette området. Volda kommune er i ferd med å rullere sin bustadsosiale handlingsplan. Vi vil oppfordre kommunen å hente kunnskap og rettleiing på Husbanken sin nye digitale veiviser for bustadsosialt arbeid <https://www.veiviseren.no/>. Vi vil streke under behovet for samarbeid mellom NAV, helse omsorgstenesta, koordinerande eining og andre kommunale tenester i arbeidet med å legge til rette for gode bustader for alle.

Eit overordna sosialpolitisk mål, er å betre levekåra til vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik. Med den økonomiske utviklinga dei siste åra og den forventa utviklinga på arbeidsmarknaden ser det ut til at fattigdomsproblem i tida framover vil auke blant ungdom, unge vaksne og barnefamiliar med innvandrarakgrunn. ([Langeland: Fattigdom og levekår 2015](#)) Arbeid gir økonomisk sjølvstende og er ein viktig arena for sosial inkludering. NAV har ei sentral rolle for å møte utfordringar på dette området og er ein viktig samfunnsaktør for å førebygge sosiale problem. Dei skal også formidle kunnskap om sårbare område som kan vere viktig i dei kommunale planprosessane. Vi ser ikkje at kommunen viser til sosiale tenester i NAV og etaten sine øvrige oppgåver i planstrategien. Fylkesmannen vil oppmode kommunen om å tydeleggjer NAV si rolle i det heilskaplege kommunale arbeidet.

### **Busetting og integrering av flyktningar**

I 2015 var det over 31 100 personar som søkte om asyl i Noreg. Talet på busettingar i 2016 er nærare 16 000. I Møre og Romsdal har kommunane gjort vedtak på å busett 967 personar i same periode. Tilsvarende tal for 2017 er berekna til 12 000 personar for heile landet og nærmare 700 i fylket.

For å lukkast med god integrering stiller det krav til godt samspel mellom mange parter. Den einskilde innvandrar skal møtes med krav om å bidra og delta, og det stille krav om

stor innsats. Samfunnet må samtidig legge til rette slik at alle skal bruke sine ressursar på beste måte i arbeids- og samfunnsliv.

Det å stå utanfor arbeidslivet gir for mange ein vanskeleg familieøkonomi. Dette gjer at barn med innvandrarbakgrunn i dag utgjer over halvparten av alle barn i økonomisk utsette familiar. Det er aukande uro knytt til at deler av befolkninga blir avhengig av offentlige overføringar, og at det er ein forskjell langs etniske skilleliner. Dette er negativt for den enkelte og familien, både økonomisk og sosialt.

Det er ulik erfaring og kunnskap rundt integreringsarbeid med busetting av flyktningar i den einskilde kommune. Mange kommunar har lang erfaring, medan andre kommunar har nyleg starta på busettingsarbeidet.

Volda kommune har arbeidd målretta med busetting av 28 flyktningar i 2016. Kommunen har også for dei komande åra planlagt ein betydeleg innsats innan området. Fylkesmannen føresett at dei ulike plandokumenta som er nemnde i utkastet til planstrategi også inkluderer utfordringane knytt til busetting av nye borgarar i planperioden 2017- 2020.

For å lukkast med raskast mogleg integrering er mellom anna god samordning mellom dei kommunale tenestene særst viktig. I tillegg også utvikle god samhandling med omliggjande kommunar.

Ei godt gjennomført integrering vil kunne utnytte innvandarane sine ressursar til fordel både for den einskilde og kommunen dei blir busett. God planlegging gjer vellykka integrering!

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-30-20152016/id2499847/>

### **Konklusjon**

Volda kommune har lagt fram ein ryddig og oversiktleg planstrategi med utfyllande merknader knytt både til status og utfordringar på fleire viktige område. Planstrategien vil legge eit viktig grunnlag for vidare planarbeid i kommunen. Fylkesmannen viser til våre merknader, og rår til at desse vurderast i det vidare arbeidet med planstrategien.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)  
samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489  
Barn og unge: Anne Mette Nerbøberg, tlf. 71 25 85 28

Folkehelse: Marie Eide, tlf. 71 25 85 55

Helse, omsorg og sosiale tenester: Marie Eide, tlf. 71 25 85 55

Busetting og integrering av flyktningar: Sverre Veiset, tlf. 71 25 85 45

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/1135	14.12.2016	129216/2016/KOMMUNEPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	02.02.2017

## Volda kommune - kommunal planstrategi 2016-2020 - fråsegn ved offentlig ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Innleiing

Volda kommune har utarbeidd eit forslag til planstrategi og lagt denne ut for offentlig ettersyn. Utgangspunktet for arbeidet er blant anna eit felles initiativ på vegne av Ålesund kommune og fylkeskommunen, om ei regional tilnærming til strategiarbeidet. Kommunane på Sunnmøre har nytta ein mal utarbeidd av ei arbeidsgruppe. I malen ligg eit felles utfordringsgrunnlag, basert på arbeidsgruppa sine tilrådingar. Vi ser i denne samanhengen at dei ulike kommunane har nytta dette grunnlaget på noko ulik vis, men vi finn strukturen å vere den same. Volda har gjort vedtak om samanslåing med Hornindal kommune, men ser at realiteten av kommunestrukturendinga ikkje vil ha nokon effekt før tidlegast i 2020. Kommunen har derfor valt å ikkje vektlegge den eventuelle kommunesamanslåinga i denne planstrategien, men utarbeidd den på sjølvstendig grunnlag. Vi vil her forsøke å kommentere den retninga som Volda kommune har valt for sin planstrategi.

### Strategidokumentets utgangspunkt og disposisjon

Sjølve strategidokumentet er lettfatteleg og direkte. Kommunens egne planer er gjennomgående omtalt. Disposisjon er enkelt strukturert, lik dei andre kommunanes strategiarbeid på Sunnmøre. Sjølve tabellen for prioritering av planoppgåver er kronologisk, overordna og ned, men kunne med fordel synleggjort tydelegare koplinga av kommunens eksisterande planer og dei utfordringane kommunen står ovanfor, eventuelt som ei innleiing til kommunens endelege prioriteringar i kapittel 5. Slik strategien er organisert og utforma kan den bli oppfatta å vere deskriptiv, mens den med nokre endringar kan bli tydelegare analytisk og strategisk.

Under kjem innspel til nokre av tema i strategidokumentet frå våre fagspesifikke ansvarsområder:

### Automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid

Volda kommune har motteke kr 100.000,- frå Riksantikvaren til arbeidet med kulturminneplan, og er komne i gang med arbeidet. I Regional plan for kulturminne er det allereie pekt på ein del viktige kulturminne i Volda som og har regional og nasjonal verdi. Ved å lage ein kommunal kulturminneplan kommunen gjere ei lokal prioritering av kva som er viktig, kva som karakteriserer kommunen og fortel om utviklinga. Dette vil gi ein god oversikt over prioriterte kulturminne, og gjere det mogleg å ta omsyn til desse i kommunen planlegging og forvaltning. Det er eit mål at dei utvalde kulturminna på sikt

skal bli innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel som kulturminne med retningslinjer tilpassa målsettinga med vernet. Dei utvalte kulturminna vert og av dei som ein i kan søke tilskot til istandsetting for. For å kunne ta vare på dei prioriterte kulturminna er målet å bruke meir ressursar på rådgjeving opp mot desse, for at dei i framtida skal vere betre ivareteke. Volda kommune ser ut til å vere godt i gang med arbeidet med kulturminneplan.

### **Samferdsel**

Nye føringane i samferdslesamanheng legg stor vekt på dei nye måla for syklende, gåande og universell utforming av heile reisekjeder, spesielt rundt tettstader og knutepunkt. Vi ser at arealdelen som no er under rullering vil kunne ta føre seg ei slik samordning av arealbruken, noko som vil vere vesentleg for å legge til rette for meir sykkel og gange, samt få til gode kollektivløysningar. Vi saknar likevel sjølve planstrategien møter desse utfordringane i vurderinga av andre prioriteringar. Kryssinga av Voldsfjorden er ei kommunedelplan som og bør vurderast i lys av tematikken, nemnt ovanfor.

### **Barn og unge**

I tillegg til det generelle arbeidet for å sikre barn og unge gode oppvekst vilkår, vil innarbeidinga av rikspolitiske retningslinjer i den nye arealplanen kunne vere eit viktig tiltak. Kommunane innarbeider no føringar i sine arealplaner som sikrar gode bumiljø, både generelle krav til utomhus opphaldsareal, men og spesielle krav retta mot areal som skal tilretteleggast for leik. Ei av dei store utfordringane er å oppretthalde kvalitet på bumiljø, gjennom ei tid med mykje fokus på fortetting av eksisterande buområder. Sjølv om desse utfordringane vil bli omhandla av arealplanen, kan strategien med fordel nemne i kva prioritert planoppgåve desse vil bli løyst.

### **Tettstadutvikling**

Kommunen nemner under punkt 4.2.4 at utvikling av sentrum vil vere fokus i åra som kommer, men dette finn vi ikkje igjen i prioriteringar av planarbeid i kapittel 5. I det pågåande arbeidet med ny arealdel vil avgrensinga av sentrum bli fastsett, på bakgrunn av blant anna tidlegare gjennomført tettstadsanalyse, mens sjølve utviklingsarbeidet må gjennomførast gjennom prioritering av eit tettstadsprosjekt og eventuelt påfølgande områderegulering for sentrum.

### **Konklusjon**

Vi vil gi kommunen ros for eit enkel og strukturert forslag til planstrategi.

Prioriteringa av planarbeid kan med fordel vise tydelegare koplinga mellom kommunens evaluering av eksisterande planer og utgreiinga av dei utfordringane som kommunen står overfor, eventuelt som ei innleiing til tabellane i kapittel 5.

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor og ber om at kommunen vurderer våre råd i det vidare arbeidet med planstrategien.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Guro Dehli Sanden, tlf. 71 28 03 26

Kulturminne frå nyare tid: Arkitekt Torill Moltubakk, tlf. 71 28 03 37

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2017/257
		Arkivkode:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/17	Formannskapet	14.02.2017

### ENDRING I LEIGEAFTALE - HAMNA 20

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Gjennom addendum 3 ds.27.01.2017, vert det gjort endringar i leigeavtalen mellom Volda kommune og Coop Vest AS for leige av lokale i Hamna 20.*
- 2. Auken i leigeutgiftene vert å dekke innanfor Volda læringscenter si budsjetttramme.*

#### Vedleggsliste:

1. Leigeavtale mellom Volda kommune og Coop Vest eigedom (tidl. Nord-Sunn Eigedomsselskap AS).
3. Gamal avtale for kontor til logoped og Utdanningsforbundet.
2. Framlegg til *Addendum 3* til leigeavtalen.

#### Samandrag av saka:

Frå 01.01.2014 vart programrådgjevarane etter ny organisering i kommunen overført til sektor for opplæring og oppvekst. Programrådgjevarane vart knytta til Volda læringscenter, med rektor som næraste leiar.

I Hamna 20, der Volda læringscenter held til, var det to kontor ledig som tidlegare vart brukt av logoped og Utdanningsforbundet. I tillegg fekk ein lagt til eitt kontor, slik at dei tre programrådgjevarane fekk kvar sitt kontor. Leikekontrakten for dei to førstnemnde kontora ligg ved saka.

#### Saksopplysningar/fakta:

I den seinare tid har tenesta for introduksjon og busetting fått tilført midlar til å tilsette ein miljøarbeidar. Det er no fire personar fordelt på tre kontor.

Dei kontora programrådgjevarane og miljøarbeidar har til disposisjon vert grunna utforming og avstand til rektor og assisterande rektor, ikkje vurdert å vere formålstenlege no. Miljøarbeidar må dele kontor med ein programrådgjevar, noko som ofte fører til at ein av dei må gå ut av kontoret når den andre har samtaler. Dette er lite effektivt, og hindrar dei i å få gjort unna arbeidsoppgåver. Både rektor og ass.rektor sit i ein annan del av bygget, i kvar sine etasjer, og ein ser det som ei føremon viss rektor, ass.rektor, programrådgjevarane og miljøarbeidar hadde sine kontor samla.

Ein leigetakar har flytta ut av Hamna 20, og det har gitt opning for å legge til rette for betre kontorfasilitetar. Oppvekstsjefen har bede huseigar om eit framlegg til endring i leigeavtalen, der dei tre kontora programrådgjevarane nyttar i dag vert teke ut av avtalen, medan nye og meir formålstenlege kontorlokale vert teke inn i ein ny avtale.

I det framlagde addendumet til leigeavtalen er det lagt opp til same bindingstid/oppseiingstid som i eksisterande hovudkontrakt. Avtalen har ei oppseiingstid på to år.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Nye og forbetra kontorfasilitetar vil legge til rette for tettare kontakt mellom programrådgjevarane og administrasjonen ved Volda læringscenter, noko som vil kunne forbetre tenestene for brukarane. I tillegg vil det betre kvardagen til dei som i dag må dele kontorlokale og legge til rette for eit betre fysisk arbeidsmiljø, som vil verke positivt inn på arbeidssituasjonen for dei tilsette.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Endringa i leigeavtalen gir ein auke i husleiga på kr 113 814 ,- pr år. Volda kommune får statlege tilskot for busetting av flyktningar. Vidare får Volda kommune og Volda læringscenter statlege midlar til norskopplæring for flyktningar, innvandrarar og einslege mindreårige asylsøkarar. Volda læringscenter sine auka kostnader vert å dekke innanfor ramma av dei statlege tilskota.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Administrasjonen rår til at leigeavtalen med Coop Vest AS vert utvida gjennom addendum 3 ds.27.01.2017.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Volda læringscenter  
Opplæring og oppvekst

#### **Klageinstans:**

# LEIGEKONTRAKT

*Mellom*

**Leigetakar:** Volda Kommune, - org. nr. 939 760 946  
Skuleavdelinga  
v/Ordførar  
6100 Volda Tlf..70 05 87 00

og

**Utleigar:** Nord-Sunn Eigedomsselskap AS – org. nr. 979 280 246  
Postboks 264  
6802 Førde Tlf. 57 83 44 00

**Utleigeobjekt:** Hamna 20, gnr. 29 bnr. 43 seksjonane 2. til 11. i Volda kommune

Er det inngått slik leigeavtale:

**1. Leigeobjekt**

Leigeforholdet omfattar 550 m<sup>2</sup> lokale i 1. etasje i Hamna 20, 6100 Volda, med tillegg av 131 m<sup>2</sup> fellesareal.

**2. Bruka av lokala**

Lokala skal nyttast til undervisningsrom, kontor og møterom. Bruksendring må godkjennast skriftleg av utleigar.

**3. Leigetid**

Leigeforholdet er gjeldande frå 1.6.2011 og gjeld i 10 år. Ynskje om leige utover kontraktstida må meldast utleigar seinast 6 – seks – månader før leigeforholdet går ut. Det er avtalt ei gjensidig oppseiingstid på 2 år frå 1.6.2013

**4. Husleige og betalingsmåte**

Avtalt leige er kr. 696.800.- pr. år. Denne skal betalast månadsvis på forskot med kr. 58.067,- pr. mnd. Husleiga skal indeksregulerast den 01.01 kvart år, fyrste gong 1. januar 2012. Basis er konsumprisindeksen pr. 15. desember 2010. Dersom leigetakar er mva pliktig kjem meirverdiavgift i tillegg på leiga.

**5. Lys, varme og felles kostnadar**

Elektrisk straum til leigearealet betalast etter eigen målar.

Utgifter til felles elektrisk lys/oppvarming, vaktmester, snø rydding, ventilasjon, offentlege avgifter, alarmanlegg og renovasjon samt reinhald av fellesareal er ikkje inkludert i ovanfor nemnde leigebeløp. Dette skal av reknast etter at årleg rekneskap føreligg. Det skal betalast eit a kontobeløp pr. måned til inndekning av desse kostnadane. Desse kostnadane skal fordelast på leigetakarane i høve til % - vis leigeareal inkl. felles areal. Beløpet vert regulert den 1. januar kvart år i høve til kostnadsutviklinga i dei elementa som ligg til grunn for kostnadsfordelinga.

Saman med husleiga skal det betalast eit a konto beløp på kr.....

## 6. Lokala sin standard ved overlevering eller fråflytting

Lokala skal ferdigstillast til leigetakaren sitt behov og vere levert i standard kvalitet.

Parkering: Leigetakar kan bruke fellesarealet for parkering aust om bygget.

Ved fråflytting skal lokala ryddast, reingjerast og overleverast i same stand som ved innflytting, med unntak av normal slitasje og elde i leigeperioden, frårekna manglar som det etter kontrakt ligg til utleigar å utføre. Innvendig vedlikehald av leigearealet skal utførast av leigetakar.

Utleigar betalar utgiftene med om innreiing av lokala til leigetakar jfr. vedlagde teikning som har vore gjennomgått på møte i Volda 24.01.11.

Leigetakar kan også i samråd med utleigar, for eiga rekning, gjere ominnreiing for og gjere lokala meir tenleg til sitt bruk.

Feil på bygning eller utstyr som tilhøyrar denne, må meldast til huseigaren snarast.

## 7. Husreglar

Leigetakar pliktar og fylgje ordensreglar (husleigelova) som gjeld for eigedomen. Skilt kan ikkje settast opp utan samråd med utleigar.

Leigetakar forpliktar seg vidare å handsame dei leigde lokala med varsemd, og han kan verte gjort ansvarleg for skade som skuldast folk i han sin teneste, så vel tilsette som tilfeldige personar som er gitt tilgang til lokala eller eigedomen av leigetakar sjølv eller han sine tilsette.

## 8. Tvangsfullbyrdingslova § 3 nr. 9

Dersom husleiga og andre ytingar ikkje vert betalt innan 14. dagar etter at skriftleg påkrav ligg føre på eller etter forfallsdag, godtek leigetakar utkastning utan søksmål og dom i samsvar med tvangsfullbyrdingslova sin § 3 nr. 9.

Ein syner elles til husleigelova sine reglar.

## 9. Tinglysing


Ynskjer leigetakar å tinglyse leigekontrakten, skal denne ha prioritet etter dei til ein kvar tid gjeldande pengeheftingar som kviler på eigedomen. Kostnader med slik tinglysing skal betalast av leigetakar.

## 10. Framleige

Det er høve til og framleige lokala til same bruk. Slik framleige skal godkjennast av utleigar. Dersom utleigar ikkje er samd i utleigeformålet, har utleigar rett til å heve kontrakten.

*Denne kontrakten er å utskrive i 2 – to – eksemplar, og partane har kvar sin original.*

Førde den 8. april 2011

  
Nord-Sunn Eigedomsselskap AS  
v/ dagleg leiar Remi Tystad  
- utleigar-

Volda den: 15/4-2011

  
ORDFØRAREN  
Volda Kommune  
VOLDA KOMMUNE  
v/ Ordførar  
- leigetakar-



Wenaasgruppen as

Logo peca  
vdf

## LEIGEKONTRAKT

Mellom

Volda Kommune  
v/Skulekontoret  
(som leigetakar)

og

Nes Eiendom A/S  
v/Wenaasgruppen A/S  
(som utleigar)

er det inngått slik leigeavtale:

### 1. Leigeobjekt

Leigeforholdet omfattar ca. 36,5 kvm. lokale i 3. etg. i Hamna 20, 6100 Volda, med tillegg av 10,0 kvm. fellesareal i henhold til vedlegg 2.

### 2. Bruk av lokala

Lokala skal nyttast til undervisning, kontor etc. Bruksendring må godkjennast skriftleg av utleigar.

### 3. Leigetid

Leigeforholdet tek til den 01.10.1992 og gjeld til 01.10.2002. Leigetakar har deretter opsjon på leige for nye 10 år. Ynskje om å leige utover gjeldande kontraktstid, må skriftleg meddelast utleigar seinast 6 - seks - månader før leigeforholdet går ut.

### 4. Husleige - betalingsmåte

Avtalt leige er kr 25.576,- pr. år. Denne skal betalast kvartalsvis på forskot, den 01.01.-01.04.-01.07.-01.10., med kr 6.394,-, 1. gang den 01.10.1992. Husleiga skal indeksregulerast med 60 % av konsumprisindeksen den 01.01. kvart 3. år. Første gang den 01.01.1995. Basis er indeks pr. 15.08.92.

Telefon/Telephone:	Adresse/Address:	Telefax:	Telex:	Eiendomsavdeling:	Bank:	Postgiro/Postal:
Nasj.: (072) 23 306	Wenaasgruppen AS	072- 23 517	40286 Sigwe n	Verttsgaten 10	Sparebanken	Giro account:
Intern.: + 47 72 23 306	6386 MÅNDALEN	+ 47 72 23 517		6400 Molde	Møre	
	NORWAY			Tlf.: 072-16 090	3969.07.01042	0813.4438941
				Fax: 072 - 16 117		



## Wenaasgruppen AS

### 5. Lys, varme og felleskostnader

Utgifter til elektrisk lys, oppvarming og ventilasjon, samt reinhold av fellesareal er ikkje inkludert i ovanfornevnte leigebeløp, og betalast særskilt av leigetakar med kr 150,- pr. kvm. bto. leigeareal. (Totalt kr 6.976,- pr. år). Beløpet blir å regulere den 1. januar kvart år, første gang 01.01.93, i henhold til den %-vise økning som Volda Elverk måtte foreta.

### 6. Lokala sin standard ved overlevering, innvendig og utvendig vedlikehald m. m.

Lokala er besikttet av leigetakar og overtas i den stand dei befinner seg i ved leigeforholdets start. Ved fråflytting skal lokala ryddes, reingjerast og overleverast i same stand som ved overtagelsen, bortsett frå normal slitasje i leigeperioden, og manglar det etter kontrakt påligger utleigar å utbetre.

Leigetakar kan i samråd med utleigar for eiga rekning foreta om- og nyinnreiingar for å gjere lokala betre egna til sitt bruk. Leigetakar kan foreta enhver tilkopling som i denne forbindelse finnast naudsynt. Alt lokalt innvendig vedlikehald påkviler leigetakar. Konstruksjonsmessig vedlikehald av bygningen er utleigars ansvar.

### 7. Husreglar

Leigetakar pliktar å følgje dei ordensreglar som gjeld for eigedommen.

Skilt kan ikkje setjast opp utan i samråd med utleigar.

Leigetakar forpliktar seg vidare til å behandle de leigde lokala med varsemd, og kan bli gjort ansvarleg for skade som skuldast folk i hans teneste, såvel ansatte som tilfeldige som er gitt tilgang til lokala eller eigedommen av leigetakar.

### 8. Tvangsfullbyrdingslova prgrf. 3 nr. 9

Dersom husleiga og andre ytingar ikkje blir betalt innan 14 dagar etter at skriftleg påkrav ligg føre på eller etter forfallsdag, godtek leigetakar utkasting utan søksmål og dom i samsvar med tvangsfullbyrdingslova prgrf. 3 nr. 9.

Telefon/Telephone:	Adresse/Address:	Telefax:	Telex:	Eiendomsavdeling:	Bank:	Postgiro/Postal:
Nasj.: (072) 23 306	Wenaasgruppen AS	072- 23 517	40286 Sigwe n	Verftsgaten 10	Sparebanken	Giro account:
Intern.: +47 72 23 306	6386 MÅNDALEN	+ 47 72 23 517		6400 Molde	Møre	0813.4438941
	NORWAY			Tlf.: 072-16 090	3969.07.01042	
				Fax: 072 - 16 117		



# Wenaasgruppen AS

Ein viser elles til husleigelova sine reglar.

## 9. Tinglysing

Ynskjer leigetakar å tinglyse leigekontrakta, skal denne ha prioritet etter dei til ei kvar tid pengeheftelsar som kvilar på eigedommen. Kostnader med slik tinglysing skal betalast av leigetakar.

## 10. Framleige

Det er høve til å framleige lokala til same bruk. Slik framleige skal godkjennast av utleigar.

Denne kontrakta er utskrive i 2 - to - eksemplar, og partane har kvar sin original.

Molde / Volda, den 1/9 1992

  
\_\_\_\_\_  
Nes Eiendom A/S  
- som utleigar -

  
\_\_\_\_\_  
Volda Kommune  
v/ordføraren  
- som leigetakar -



ORDFØRAREN I VOLDA KOMMUNE

Telefon/Telephone:	Adresse/Address:	Telefax:	Telex:	Eiendomsavdeling:	Bank:	Postgiro/Postal:
Nasj.: (072) 23 306	Wenaasgruppen AS	072- 23 517	40286 Sigwe n	Verftsgaten 10	Sparebanken	Giro account:
Intern.: +47 72 23 306	6386 MÅNDALEN	+ 47 72 23 517		6400 Molde	Møre	0813.4438941
	NORWAY			Tlf.: 072-16 090	3969.07.01042	
				Fax: 072 - 16 117		



Spesifikasjon over  
husleige, lys, varme etc.

1) Husleige:

Netto areal 36,5 kvm  
Andel fellesareal 10,0 "


46,5 kvm. x 550,- (avr.) kr 25.576,-


2) Lys, varme, ventilasjon  
samt reinhold av fellesareal:

46,5 kvm x kr 150,- (avr.) " 6.976,-

Total leige pr. år. kr 32.552,-

Molde, 29. september 1992  
Nes Eiendom A/S

  
Inge Røyset



ÅSLID MØBELFABRIKK A/S  
 PLAN 3.ETASJE MÅL 1:200  
 SIVILARKITEKT MNAL NPA O.MYREN

## ADDENDUM 3 TIL LEIEKONTRAKT

mellom

Coop Vest Eigedom AS  
Org.nr: NO 979489625 MVA  
**(heretter benevnt "utleier")**

og

Volda Kommune v/Vaksenopplæringen  
Org.nr: 939 760 946  
**(heretter kalt "leietaker")**  
(i felleskap benevnt "Partene")

### 1. **Bakgrunn og formål**

Tillegg til leiekontrakt av 8.4.2011 og addendum 1 fra 6.9.2012 samt addendum 2 av 24.9.2015.

Det er enighet om å utvide leiearealet med tilleggsarealer i 1.etg. Hamna 20, Volda, og avgang tre kontorer kontor i 3.etg.

Partene har i dag blitt enige om følgende addendum 3 til Leieavtalen

### 2. **Omfang**

2.1 Nytt areal i 1.etg. på netto 121 kvm + andel fellesareal som utgjør 29 kvm.  
Totalt 150 kvm.

2.2 Årsleie for nevnte areal er NOK 169.000 + mva.

2.3 Leien reduseres med Årsleie NOK 55.186 for avgitt kontorer i 3.etg. på 50,0m2.  
Netto økning NOK 113.814 +. Mva.

2.4 Arealet tillegges andel felleskostnader som i øvrige lokaler.

2.5 Leieforholdet løpet fra 1.2.2017.

2.6 Alle andre kontraktuelle forhold består som beskrevet i leiekontrakt mellom partene datert 8.4.2011.

Moss/ Volda 27.1.2017

---

for Coop Vest Eigedom AS

(utleier)

Tegning av utleid areal

---

for Volda Kommune

(leietaker)Vedlegg 1.

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2013/821
		Arkivkode:	242

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/17	Formannskapet Kommunestyret	14.02.2017

## NÆRINGSFONDET(KRAFT)- ÅRSRAPPORT 2016

### Administrasjonen si tilråding:

*Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2016 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.*

### Vedleggsliste:

1. Status årsrapportering 2016
2. Tilsagnsliste

### Uprenta saksvedlegg:

K-sak 6/14, møte 30.01.14, om retningsliner for bruken.

### Samandrag av saka:

Rapporten om bruken av Næringsfondet (kraft) for året 2016 vert med dette lagt fram. Eg rår til at rapporten vert teken til vitende, slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.

I vedtektene for forvaltning og bruk av Næringsfond(kraft) i Volda kommune § 8 heiter det at skal leggest fram ei melding til kommunestyret om bruken av fondet kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

#### *Tilveksten til fondet:*

Kraftfondet hadde i 2016 ein tilvekst på kr. 757.880,-. Av dette utgjorde konsesjonsavgifta frå Tussa Energi AS kr. 607.760,-, og frå Småkraft AS kr. 129.598,-. Renterenteinntektene var kr.20.522 .

#### *Løyvingar frå fondet:*

Totalt vart det i 2016 løyvd kr. 510.000,- frå fondet, jfr. *vedlegg 2*. I dette ligg m.a. kr. 150.000,- til Sunnmøre Kulturnæringshage AS og kr. 150.000,- til Dei Nynorske Festspela (der kr. 75.000,- var utbetaaling for 2015) Tilskotet til Volda Næringsforum 2016 kr. 350.000,- vart utbetalt på 2015 rekneskapen.

Elles er løyvingane i 2016 i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 152/15, pkt 20

**Vurdering og konklusjon:**

Når det gjeld retningsliner for bruken av fondet og konkrete løyvingar for 2016 elles vert det vist til K-sak 6/14, møte 30.1.14, der det går fram at kommunestyret ynskjer å prioritere marknadsføring av dei mange ulike festivalane i Volda. For 2017 er no det stadfesta i vedlagde K.sak 174/16

Rådmannen rår til at årsrapporten vert teken til vitende slik den går fram av saksutgreiinga og *vedlegg 1 og 2*

**Økonomiske konsekvensar:**

Stønad frå næringsfondet(kraft) belastar ikkje kommunen sitt driftsbudsjett. Næringsfond(kraft) vert frå 2016 tilført om lag kr. 737.000,- pr. år i konsesjonsavgifter (frå Tussa Energi AS og Småkraft AS). I tillegg kjem renter.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
6404 Molde  
Rekneskapsseksjonen, her  
Revisor

# Status for årsrapportering

År

2016

Samleoversikt fondsstatus

Akkumulerte tall for samtlige rapporteringspliktige fond:

Beskrivelse	Inn på fond	Tilsagn 2016	Ut av fond	Saldo
Inngående saldo på fond pr.01.01.2016				668 270,00
Fondsrenter:	20 522,00			
Fondstilskot:	737 358,00			
Tilsagnstilskot		720 000,00	510 000,00	
Saldo eitt tilsagnsår	757 880,00	720 000,00	510 000,00	247 880,00
				<b>916 150,00</b>

## Tilsagnsliste Kraftfond

År	Tilsagnsnummer	Prosjektnamn	Støttemottakar	Tilsagnsdato.	Gyldig til	Beløp	Tilbakeført	Utbetalt 2016	Utbetalt tidl. Tilsagn	Status	Merknad
2016	1	Sunnmøre kultur næringshage	Sunnmøre kultur næringshage	01.01.2016	31.12.2018	150 000	0	150 000		Ferdig	
2016	2	Volda Næringsforum	Volda Næringsforum	01.01.2016	31.12.2018	350 000	0	0		Ferdig	Vart utbetalt på 15-reknesk
2016	3	Dei Nynorske Festspela	aasentunet	01.01.2016	31.12.2018	75 000	0	150 000		Ferdig	75.000 Utbetalt for 2015
2016	4	Studentveka 2016	Studentveka i Volda	01.01.2016	31.12.2018	20 000	0	20 000		Ferdig	
2016	5	X2 Festivalen	X2	01.01.2016	31.12.2018	20 000	0	20 000		Ferdig	
2016	6	Kammermusikkfestivalen	Kammermusikkfestivalen	01.01.2016	31.12.2018	20 000	0	20 000		Ferdig	
2016	7	Dokumentarfilm-festivalen	Den Norske Dokumentarfilmfestivalen	01.01.2016	31.12.2018	20 000	0	20 000		Ferdig	15.nov
2016	8	Animasjonsfilmfestivalen	AnimationVolda	01.01.2016	31.12.2018	20 000	0	0	20 000	lgangsatt	Utbetalt for 2015
2016	9	Naturfestivalen	Naturfestivalen	01.01.2016	31.12.2018	10 000	0	10 000		Ferdig	06.mai
2016	10	StudiebygdA Portal Economusee 2016	Høgskulen i Volda	01.01.2016	31.12.2018	35 000	0	0			
2015	11	(PS sak 71/15)	Mylna			0	0		100 000	Ferdig	Utbetalt tilsagnnet frå 2015
						<b>720 000</b>	<b>0</b>	<b>390 000</b>	<b>120 000</b>		



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/89
		Arkivkode:	223

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
28/17	Formannskapet Kommunestyret	14.02.2017

### HJARTÅBYGDA SKYTTARLAG - TILSKOT TIL BYGGING AV VEG OG PARKERINGSPLASS

#### Administrasjonen si tilråding:

**Volda kommune syner til søknad d.s. 13. januar 2017 gfrå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.**

**Kommunen finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden om dekning av årleg grunnleige. Kommunen finn heller ikkje å kunne imøtekomme søknaden om tilskot på kr. 300.000,-.**

#### Vedleggsliste:

1. Søknad d.s. 13.01.2017 frå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.
2. Kart og ortofoto

#### Uprenta saksvedlegg:

- Melding om politisk vedtak 15.11.2016 sak 78/16 – Gbr 35/3, 36/1, 37/2 og 38/3  
Oppføring av hus skytebane og veg.

#### Samandrag av saka:

Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset har i skriv d.s. 13. januar 2017 søkt om tilskot på kr. 300.000,- til bygging av og parkeringsplass. I tillegg søker skyttarlaget om at kommunen dekkjer grunnleigekostnader til skyttarlaget.

#### Saksopplysningar/fakta:

Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset har i skriv d.s. 13. januar 2017 søkt om tilskot på kr. 300.000,- til bygging av og parkeringsplass. I tillegg søker skyttarlaget om at kommunen dekkjer grunnleigekostnader til skyttarlaget

I møtet 15.11.2016 sak 78/16 gjorde Forvaltningsstyret slikt vedtak:

*Med grunnlag i gjennomført høyring og avklaring i høve til veg og landbrukstilhøve finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan for bygging av veg til skytebana i samsvar med søknad datert 17.februar 2016.*

### **Kommunen sin samfunnsdel.**

Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar er strategiar ein har lagt opp til i kommuneplanen sin samfunnsdel. På den måten skal flest mogleg skal ha muligheit til å ta del i eit breitt, variert og aktivt kultur og idrettsliv.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Er vurdert i sak 78/16, 15.11.2016

*«Tilrettelegging for fysisk aktivitet og aktiv samlingsstad som skytebana utgjer synest positivt.*

*Kommunen finn ikkje at vegtiltaket i seg sjølv gjev grunnlag for vesentleg auke i aktiviteten ved bana eller støytilhøva rundt denne.»*

### **Økonomiske konsekvensar:**

Bygging av veg, parkeringsplass, skiveelektronikk og påbygg skyttarhus utgjer ein stor kostnad for skyttarlaget, om lag 2.225.000,- inkl. mva.

I tillegg vert det søkt om at kommunen dekkjer årleg grunnleigekostnader som skal indeksregulerast kvart 10 år, første gang i 2017. Det går ikkje fram av søknaden når tid grunnleigekostnaden som for 2016 er på kr. 6.164,- skal indeksregulerast frå. Årleg dekning av grunnleigekostnad vil binde kommunale driftsbudsjett så lenge som ein slik avtale evt. vert inngått med skyttarlaget.

Det er ikkje budsjettert med midlar til prosjektet i budsjettet for Volda kommune.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Lite aktuelt, bortsett frå at iflg. lensmannen si fråsegn i sak 78/16 uttaler at «*aktive frå skyttarlaget har vore og er gode mannskap i heimevernet.*»

### **Vurdering og konklusjon:**

Det går fram av sak 78/16 at laget i 2015 hadde 267 medlemmer der om lag 75 var under 25 år og det er lange tradisjonar for skarpskyting i Austefjorden.

Når det gjeld tilskot til prosjektet, har kommunen som det går fram av utgreiinga over ikkje budsjettert midlar for slike tiltak 2016. Det er ein god månad sidan budsjettet vart vedteke og det er såleis heller ikkje vurdert mindre tilskotssum. Rådmannen finn med bakgrunn i budsjettsituasjonen og at dei kommunale midlane kommunen har til rådvelde i 2016 ikkje å kunne tilrå søknaden.

Rådmannen kan heller ikkje rå til å binde opp kommunen i auka årlege driftskostnader ved å binde seg til å betale årlege grunnkostnader. Det er rett som det går fram av søknaden at kommunen i enkelthøve har gitt løyve til å disponere fri grunn av kommunen t.d. på stadionområdet, men det er grunn som kommunen sjølv eig og som ein ikkje har årlege driftsutgifter på. Kommunen har og i einskildhøve t.d. på Reset har inngått leigeavtalar med

grunneigarar for å disponere grunn til allmenntilgjengelege formål, friluftslivsformål. Men i det tilfellet er kommunen deleigar i selskapet og det er kommunen som har inngått leigeavtalane.

Til slutt er det rett og nemne at Volda og Ørsta kommune i si tid satsa på eit felles skytebaneanlegg i Sollidalen, men heller ikkje til det anlegget gjeve tilskot eller dekning av årlege kostnader.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset

Hjartåbygda skyttarlag  
v/Hogne Homberset  
Løviknesvegen 15  
6106 VOLDA  
[Hogne.homberset@tussa.com](mailto:Hogne.homberset@tussa.com)  
[Tlf. 91315284](tel:91315284)

Hjartåbygda, 13.januar 2017

Volda kommune

### SØKNAD OM STØTTE.

Hjartåbygda skyttarlag skal i år til på si største utbygging nokon gong med påbygging av skyttarhuset, skiveelektronikk og bygging av veg til skytebana med parkeringsplass. Vegen vert 34 0 meter og parkeringsplassen 500 m2.

Skyttarhuset og elektronikken er kostnadsrekna til 1 100 000,- inkl mva.

Vegen og parkeringsplassen har ein estimert kostnad på 1 125 000, inkl mva.

Total kosttnad for prosjektet er 2 225 000,- inkl mva.

Skyttarhuset på 93m2 og skiveelektronikk er det søkt spelemidlar på og er i tillegg finansiert med eigenkapital, dugnad og støtte frå dei lokale sparebankane.

Vegen og parkeringsplassen er det ikkje finansiering på enno og å låne alt som skal til for å bygge dette vert for mykje.

Ein er avhengige av å bygge vegen for få ut spelemidlane på skyttarhuset.

Difor søker me volda kommune om eit tilskot på 300 000,- til bygging av veg og parkeringsplass.

I samband med denne utbygginga har skyttarlaget fornya grunnavtalane på skytebana. For å kunne søkje på spelemidlar.

Desse avtalane gjeld tom 2060.

Sidan andre lag har fått dekt leige av grunn og andre får disponere fri grunn av kommuna vil me at Volda kommune dekkejer grunnleigekostandane til skyttarlaget. I 2016 var dei på 6164,-. Dei vert indeksjusterte etter konsumprisindeksen kvart tiande år. Første justering er i 2017.

Skyttarlaget vart stifta i 1908 og har så langt aldri motteke støtte frå kommuna anna enn nokon få kroner i kulturmidlar den tida den ordninga var.

Laget har dei siste 25 åra gjort store investeringar som dei har kosta sjølve i lag med sponsorar.

Laget gjev eit tilbod til innbyggjarane i kommuna innanfor Det Frivillige skyttarvesen (DFS) sine aktivitetar dvs bane- felt, miniatyr og hurtigskyting.


Samt kurs, instruksjon og jegerskytingar.


Håpar på snarleg og positivt svar.

Med helsing

Hjartåbygda skyttarlag

Hogne Homberset





<p>Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 26.05.2015</p>	<p><b>Markslag (AR5) 13 klasser</b> <b>TEGNFORKLARING</b></p> <table border="0"> <tr><td></td><td>Fulldyrka jord</td><td>12.0</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Overflatedyrka jord</td><td>0.0</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Innmarksbeite</td><td>3.4</td><td>15.4</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av særs høg bonitet</td><td>0.0</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Skog av høg bonitet</td><td>112.9</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Skog av middels bonitet</td><td>109.3</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Skog av lav bonitet</td><td>2.0</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Uproduktiv skog</td><td>73.0</td><td>297.2</td></tr> <tr><td></td><td>Myr</td><td>7.1</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Åpen jorddekt fastmark</td><td>15.6</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Åpen grunnlendt fastmark</td><td>22.4</td><td>45.1</td></tr> <tr><td></td><td>Bebygg, samf. vann, bre</td><td>1.3</td><td></td></tr> <tr><td></td><td>Ikke klassifisert</td><td>0.0</td><td>1.3</td></tr> <tr><td></td><td>Sum:</td><td>359.0</td><td>359.0</td></tr> </table>		Fulldyrka jord	12.0			Overflatedyrka jord	0.0			Innmarksbeite	3.4	15.4		Skog av særs høg bonitet	0.0			Skog av høg bonitet	112.9			Skog av middels bonitet	109.3			Skog av lav bonitet	2.0			Uproduktiv skog	73.0	297.2		Myr	7.1			Åpen jorddekt fastmark	15.6			Åpen grunnlendt fastmark	22.4	45.1		Bebygg, samf. vann, bre	1.3			Ikke klassifisert	0.0	1.3		Sum:	359.0	359.0	<p><b>AREALTALL (DEKAR)</b></p> <p>Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p>— Arealressursgrenser — Eiendomsgrenser</p>
	Fulldyrka jord	12.0																																																								
	Overflatedyrka jord	0.0																																																								
	Innmarksbeite	3.4	15.4																																																							
	Skog av særs høg bonitet	0.0																																																								
	Skog av høg bonitet	112.9																																																								
	Skog av middels bonitet	109.3																																																								
	Skog av lav bonitet	2.0																																																								
	Uproduktiv skog	73.0	297.2																																																							
	Myr	7.1																																																								
	Åpen jorddekt fastmark	15.6																																																								
	Åpen grunnlendt fastmark	22.4	45.1																																																							
	Bebygg, samf. vann, bre	1.3																																																								
	Ikke klassifisert	0.0	1.3																																																							
	Sum:	359.0	359.0																																																							
<p><b>GÅRDSKART 1519-36/1</b> Tilknyttede grunnleilendommer: 36/1</p> <p></p>																																																										



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/123
		Arkivkode:	033

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Formannskapet	31.01.2017
29/17	Formannskapet Kommunestyret	14.02.2017

### Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg til leiar for nemnda heraldikk/namn:

*Jon Tvinnereim*

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

### Røysting (åtte røysteføre):

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i formannskapet:

*Saka vert utsett.*

## OPPNEMNING AV TEMAKOMITEAR - VOLDA OG HORNINDAL KOMMUNER

### Administrasjonen si tilråding:

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

### Vedleggsliste:

Oppnemning av temakomitear

### Saksopplysningar/fakta:

Saka vert lagt fram for oppnemning av representantar til temakomitear. Den mellombelse fellesnemnda for Volda og Hornindal kommunar gjorde i møte den 11. januar 2017, følgjande vedtak:

**1. Heraldikk/namn**

***Tema komité på 5 personar, 2 frå kvar kommune. Kommunestyra kjem med framlegg til kandidatar.***

***Ordførarane får fullmakt til å kome med framlegg på leiar av komiteen. Dette skal vere ein «nøytral» fagperson.***

**2. Vegnamn**

***Ber administrasjonen kartlegge om det er sams vegnamn i dei to kommunane før fellesnemnda tek stilling til om det er behov for ein eigen tema komité til dette***

**3. Organisasjonsutval**

***Kommunestyra vert bedne om å kome med framlegg på 3 kandidatar frå kvar av kommunane.***

***Fellesnemnda tek stilling til mandat og framdriftsplan på neste møte i nemnda.***

Saka vert lagt fram for oppnemning av 2 kandidatar til nemnd for heraldikk/namn og oppnemning av 3 kandidatar for organisasjonsutval (politisk organisering)

Rune Sjugard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgevar



# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Ann Kristin Langeland	Arkivsak nr.:	2016/1981
		Arkivkode:	000

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	

## OPPNEMNING AV TEMAKOMITEAR

### Innstilling:

Førebels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommune gjev følgjande innstilling til kommunestyra:

1. Det vert oppretta følgjande temakomitear:
  - ✓ Heraldikk/namn  
Leiar:  
Medlemmar:
  - ✓ Vegnamn  
Leiar:  
Medlemmar:
  - ✓ Organisasjonsutval  
Leiar:  
Medlemmar:
2. Mandat og framdriftsplan vert utforma av leiar
3. Rådmennene peikar ut sekretariat for gruppene

### Saksopplysningar

I prosessen med å bygge ny Volda/Hornindal kommune har ein starta arbeidet med dei administrative kartleggingane av status innanfor dei ulike fagområda i dei to kommunane. Det skal også fremjast sak for fellesnemnda knytt til prosjektleiarfunksjon.

I samband med dette er det behov for å etablere politiske temakomitear som skal arbeide med ulike saker som t.d. heraldikk, namn, politisk organisering med vidare for den nye kommunen. Det vert opp til fellesnemnda å kome med framlegg til representantar og leiar for dei ulike komiteane.

## **Vurdering**

### 1. Heraldikk/namn:

Fellesnemnda må ta stilling til om det skal vere same komité som skal arbeide både med heraldiske spørsmål og med namnespørsmålet. Ein vil frå administrasjonen si side rå til at det er same temakomite.

Komiteen skal fremje framlegg om heraldisk profil og kommunenamn for den midlertidige fellesnemnda som så sender sakene over til dei respektive kommunestyra for vidare handsaming.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

### Kommunenamn:

Det er ikkje teke stilling til kva namn den nye kommunen skal ha. Ein ser at det er viktig å få dette på plass så snart som mogleg. Dette handlar om felles identitetsbygging fram mot samanslåinga i 2020. I kommunelova § 3. 3 vert det slått fast at endring i kommune namn skal avgjerast av Kongen. Før slik avgjerd vert teken, skal det ligge føre uttale frå dei involverte kommunane.

Komiteen må ta stilling til korleis dei vil legge opp arbeidet som skal føre fram til ein søknad om endra/nytt kommunenamn. Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og gjev si tilråding til dei respektive kommunestyra innan utgangen av 2017.

### Heraldikk:

Komiteen må hente inn vegleiing frå Riksarkivet, og ta stilling til korleis ein skal arbeide med saka. Riksarkivet er rådgjevande instans både for kommunane og for departementet i slike saker. Etter at kommunen har kome fram til motiv, har fått utarbeida originalteikningar av våpenet og dette har blitt handsama i kommunestyra, vert det sendt søknad om godkjenning av kommunevåpen og flagg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet via fylkesmannen.

Kommunevåpen bør vere eit tydeleg og samlande symbol for kommunen. Ordførarkjede bør utformast med utgangspunkt i kommunevåpenet. Dette bør vere klart innan samanslåinga er eit faktum.

(Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit framlegg til forenklingar i regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.

I h yringsnotatet foresl r departementet at kompetansen til   fastsette kommunev pen og kommuneflagg vert lagt til det enkelte kommunestyret. Departementet foresl r at reglar om fastsetting av kommunev pen skal inng  i kommunelova. Det er vidare framlegg om   oppheve lov om flagging p  kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil vere noko krav om godkjenning av Kongen for   kunne nytte kommunev penet i eit kommuneflagg. Frist for innspel til h yringa er sett til 15. mars 2017).

Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og ferdigstiller framlegg innan utgangen av 2017.

## 2. Organisasjonsutval

Det er naturleg at det vert sett ned ei gruppe som ser p  dagens politiske organisering i Volda og Hornindal kommune. Gruppa skal utarbeide framlegg til ny politisk organisering fr  01.01.20. Vidare m  ein ha ein gjennomgang av dei ulike reglementa som ligg til grunn for dagens organisering, samt kome med utkast til nye reglement i tr d med framlegg til endra politisk organisering. Herunder m  ein gjennomf re ein revisjon av delegasjonsreglement, og fremje framlegg til nytt delegasjonsreglement. Dette er eit omfattande arbeid, som vil krevje brei involvering og s leis vere tidkrevjande.

Arbeidet b r vere slutf rt innan utgangen av 2018.

R dmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

## 3. Vegnamn:

Ein har behov for ein komit  som skal kartlegge om det er sams vegnamn i Hornindal og Volda. Dersom ein har samanfallande vegnamn, er det komiteen som skal utgreie dette og gjere si innstilling til fellesnemnda/kommunestyra om eventuelle endringsframlegg. Arbeidet b r vere slutf rt innan utgangen av 2017.

R dmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

**PS 30/17 Orienteringssaker**

**OS 27/17 Elevtalsutvikling**

**OS 28/17 Samarbeidsavtalen med Ørsta kommune om undervisning  
elevar får Bjørke**



## ORIENTERINGSSAK

**Til:** Formannskapet

**Frå:** Rådmannen

**Kopi:** Volda Campus Arena v. Arild Bakke

**Sak:** Voldahallen - rehabilitering - Ny Voldahall

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/443	1637/2017	614	OPP/PERKON	04.02.2017

**Utvalsaksnr**      **Utval**

**Møtedato**

### **Kroppsøvningsfasilitetar for sentrumsskulane**

I samband med planane om bygging av ny idrettshall i nærleiken av Øyra skule og Volda ungdomsskule, er oppvekstsjefen beden om å gjere greie for skulane sine behov for kroppsøvningsfasilitetar, samt vurdere desse opp mot planane til Volda Campus Arena (heretter VCA).

Det er ikkje gjort nokon form for avtale mellom kommunen og VCA.

Oppvekstsjefen nyttar i tillegg høvet til å skildre kva krav som vert sett til symje- og livsbergingsopplæring i grunnskulen, og behovet for opplæringsbasseng for skulane i sentrum inkl Mork.

#### **Om kroppsøvningsfaget i grunnskulen**

Læreplanverket LK06 seier blant anna følgjande om formålet til kroppsøvningsfaget:

*«Kroppsøving er eit allmenndannande fag som skal inspirere til ein fysisk aktiv livsstil og livslang rørsleglede(...) Rørslekultur i form av leik, idrett, dans, svømming og friluftsliv er ein del av den felles danninga og identitetsskapinga i samfunnet (...) Faget skal bidra til at barn og unge utviklar sjølvkjensle, positiv oppfatning av kroppen, sjølvforståing og identitetskjensle. Det skal ruste elevane til vurdering av kroppsideal og rørslekulturar som kan påverke sjølvkjensla, helse, ernæring, trening og livsstil. Elevane skal forstå kva eigen innsats har å seie for å oppnå mål og kva faktorar som påverkar motivasjon til aktivitet og trening.*

*Sentralt i faget står rørsleleik, allsidig idrett, fair play, dans, svømmedyktigheit og friluftsliv.»*

Kroppsøvningsfaget har kompetansemål etter 4., 7. og 10. årssteget i grunnskolen (dessutan etter Vg1, Vg2 og Vg3 i den vidaregåande opplæringa). Kompetansemåla gjeld både aktivitetar i friluft, i gymsal og i symjebasseng. Når ein skal utgreie behov for kroppsøvningsanlegg må ein derfor sjå på både dei tilgjengelege gymsalane og svømmehallane.



## VOLDA KOMMUNE

Læreplanen i kroppsøving er revidert, og den nye læreplanen vart gjort gjeldande frå 01.08.15. Bakgrunnen for revideringa var å styrke symje- og livbergingsopplæringa, slik at fleire barn og unge lærer å symje, og danne grunnlag for ei felles forståing av kva symjedyktigheit inneber. Revidert læreplan skal legge betre til rette for ei tidleg, systematisk og kontinuerleg opplæring i symjing. Læreplanen har dermed fått meir konkrete krav til symjedugleik og livberging for elevar, både etter 4. årssteg, 7. årssteg og 10. årssteg.

### **Status i dag**

Volda ungdomsskule og Øyra skule deler på to gamle kroppsøvingssalar lokalisert på Volda ungdomsskule. Desse kroppsøvingssalane oppfyller ikkje lenger krava til dagens standard.

Hausten 2016 skildra kroppsøvingssesksjonen ved Volda ungdomsskule skildrar tilhøva slik:

*«I forhold til dei andre store ungdomsskulane på Søre Sunnmøre, er Volda ungdomsskule utan tvil den skulen med dei dårlegaste fasilitetane. Vi har to gamle gymsalar som er alt for små. I den nyaste gymsalen er det lagt nytt golv, noko som er veldig bra. Salen er for liten til lagring av utstyr. Vi har ikkje plass til utstyr til elevar med spesielle behov. Ventilasjonsanlegget fungerer dårleg vinterstid. Garderobedelen er pussa opp, men er framleis for dårleg etter dagens standard.*

*I den andre salen er golvet klart for utskifting. Garderobedelen er i god stand, men garderobane er for små og tronge. Der er heller ikkje omkleddingsrom for lærar (mann). I denne salen er der enda mindre plass til lagring av utstyr. Alle takoppheng må dessutan skiftast ut og ventilasjonsanlegget er svært dårleg vinterstid.»*

Sidan den tid er golvet i eine salen skifta.

Gymsalane stettar heller ikkje det arealbehovet dei to skulane har for kroppsøvingssanlegg i dag. Salane er i bruk i alle timar kvar skuledag, og i tillegg brukar Øyra skule 20 veketimar i Voldahallen. Likevel treng Øyra skule minst 8 veketimar til for å stette sitt salbehov. Frå 2018 vil det verte ei klasse til på Volda ungdomsskule, noko som gjer at skulen treng minst 3 veketimar til i gymsal.

I uttalar frå Øyra skule og Volda ungdomsskule som oppvekstsjefen har bede om, kjem det fram at behovet for saltid samla for skulane er om lag 80 timar pr veke.

Med andre ord er behovet nært oppunder kapasiteten til Voldahallen slik den arealmessig står fram i dag.

### **Behov for innbu, utstyr og lagerplass knytt til kroppsøving i skulen**

Oppvekstsjefen har bede Øyra skule og Volda ungdomsskule gjere greie for behovet for innbu, utstyr og lagerplass i evt ny lokale.

Av fast utstyr/inventar er følgjande naudsynt:

- ✓ Ribbeveggar



## VOLDA KOMMUNE

- ✓ Balansebom
- ✓ Klatretau
- ✓ Turnringar
- ✓ Volleyballnett med høgderegulering
- ✓ Basketballkorger
- ✓ Lydanlegg
- ✓ Benkar

Det vil vere behov for lagerplass til følgjande utstyr:

- ✓ Turnkasser
- ✓ Bukk
- ✓ Springbrett
- ✓ Trampoline
- ✓ Høgdehoppstativ
- ✓ Tjukkasmatte
- ✓ Turnmatter
- ✓ Småmål
- ✓ Friidrettsutstyr
- ✓ Ballar

Viss det ikkje er eige styrkerom/spinningsyklar/alternativt treningsrom i hallen, vil det vere behov for lagerplass til slikt utstyr.

Viss skulane ikkje må lagre spinningsyklar, matter og turnapparat sjølv, vil eit lager rom på kring 45 rutemeter dekke skulane sine behov for lagerplass.

Behovet for lagerplass kan truleg også stettast i sambruk med andre brukarar.

### Bygningsmessige krav og forventningar

Det er særleg for Øyra skule at avstanden til eksterne lokale er viktig. For dei yngste elevane går det fort mykje gangtid frå og til eksterne lokalitetar. Med tanke på HMT både for vaksne og barn er lydforhold og avgrensingar i areala også eit viktige tema. Knytt til VCA sine planar, har Øyra skule meldt følgjande til oppvekstsjefen:

- ✓ Vi treng **godt lydsjjerma** kroppsøvningsflater slik at små elevar og elevar med særskilde behov kan vere der og ha utbytte av timane.  
I dag er det elevar med særskilde behov (hørsle) som ikkje kan vere med på gymtimane i klassa grunna lydstry. Dette er diskriminerande i seg sjølv og bør ikkje vere ein mal for framtida.  
Lydsjjerminga er svært viktig også med tanke på dei tilsette som skildrar timane i Voldahallen som krevjande grunna lyd frå fleire grupper på same tid.
- ✓ Avskjjerma av golvareal på kvar kroppsøvningsflate er nødvendig med tanke på elevar som har vanskar med å halde seg i ro på ein plass. Det vil vere mange plassar å stikke seg vekk i eit ope publikumsareal.



## VOLDA KOMMUNE

- ✓ Garderobekapasiteten må vere god både med tanke på tilsyn for elevane og moglegheiter for å skifte for lærarar og assistentar også.
- ✓ Kvar skule treng sine egne lagerrom i tilknytning til kroppsøvingsflatene. Ikkje deling av småutstyret mellom skulane, det fungerer ikkje i dag heller.
- ✓ For å unngå mykje gangtid bør det etablerast gangveg frå Øyra skule nedom klatresiloen og direkte bort til Joplassen. Ei slik løysing vil gi ein avstand på omlag 150-160 meter. Dersom ein må nytte eksisterande gangvegssystem opp og forbi BK så vil avstanden bli over 300 meter og tidstapet vesentleg større.

### **Skulane sine behov vurdert mot planane om ny idrettshall (Volda Campus Arena)**

Slik oppvekstsjefen kjenner planane om VCA, kan ein slik idrettshall kome i møte dei behova Øyra skule og Volda ungdomsskule har for kroppsøvingsfasilitetar i framtida. Avstanden mellom VCA og skulane er ikkje større enn at den blir vurdert som forsvarleg med omsyn til gangtid.

VCA vil kunne legge til rette for auka aktivitet for barn og unge i Volda, noko oppvekstsjefen ser positivt på i eit folkehelseperspektiv. Oppvekstsjefen ser difor med positive auge på VCA sine planar av to årsaker:

1. Det vil kunne kome i møte dei to største sentrumsskulane sine behov for gode kroppsøvingsfasilitetar og slik gje kroppsøvingfaget i skulane eit løft.
2. Det vil kunne legge til rette for ny og auka aktivitet mellom barn og unge i Volda kommune.

### **Opplæringsbasseng**

Volda kommune har ikkje lenger noko symjeanlegg i Volda sentrum, og elevane ved Mork skule, Bratteberg skule, Vikebygda skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule har no symje- og livbergingsopplæring i varmtvassbassenget ved sjukehuset og i symjehallen i idrettsbygget.

Symjehallen i idrettsbygget er ikkje eit eigna opplæringsbasseng for dei minste, då det er kaldt og djupt. Varmtvassbassenget passar dei aller yngste elevane, men er for varmt for dei som er symjedyktige og skal øve på å symje lengre distansar. Det er Vikebygda skule som nyttar dette bassenget for sine elevar i 1. – 4. klasse.

Det er administrasjonen si vurdering at skulane i sentrum vil kunne få vanskar med å nå dei nye kompetansemåla med dei ressursane og fasilitetane vi har i dag. Det kan vere nødvendig å starte symjeundervisninga tidlegare enn i 3. klasse slik vi gjer i dag, både for å gi elevane betre tid til modning, og for å sleppe å avlære lite formålstenleg teknikk som elevane har lært på eiga hand når dei kjem i 3. klasse. Vi bør også ha timar til å gje symjeundervisning til elevar på mellomsteget som ikkje har nådd krava til symjedugleik etter 4. årssteg og for å halde ved like symjedugleiken for at elevane skal klare å nå måla etter 10. årssteg.



## VOLDA KOMMUNE

I møte med høgskulen, 24.01.2017, vart Volda kommune opplyst om tilstanden på symjehallen på Idrettsbygget. Høgskuledirektøren informerte om at ein står framfor to reelle val:

1. Ei avgrensa renovering som forlengar levetida med ti år
2. Avslutte leigeforholdet med Statsbygg, som då vil rive symjehallen og setje opp ein endevegg på Idrettsbygget

Viss høgskulen seier opp avtalen med Statsbygg, og symjehallen vert riven, står kring 900 elevar i sentrum og Mork utan opplæringsbasseng. Å skyse desse elevane til andre skular med basseng vil bli ein særstør økonomisk kostnad. I tillegg vil verdfull undervisningstid gå til reisetid.

Oppvekstsjefen rår sterkt frå å vurdere slike løysingar.

### **Oppvekstsjefen si vurdering**

Det er gjort greie for behovet elevane ved Øyra skule og Volda ungdomsskule har for framtidig fasilitetar knytt til kroppsøvningsundervisninga. Nye golv i gymnastikksalane ved Volda ungdomsskule har forlenga levetida, men dei vert ikkje sett på som ei framtidig løysing av skulane sine behov.

Som rådmannen gjorde greie for hausten 2015, står Volda kommune framfor store løft dei næraste åra, og det vil vere krevjande å finne rom for nye store tiltak.

Når planane til VCA no er gjort kjende, ser oppvekstsjefen at mogelegheita for eit samarbeid mellom kommunen og initiativtakarane bak VCA, der behov skulane har i framtida vert dekte samstundes som det vil kunne skape grobottn for auka aktivitet mellom barn og unge i kommunen.

Gangavstanden til Øyra skule vert vurdert som forsvarleg med omsyn til gangtid, og vert planane realisert bør Øyra skule sitt framlegg om rasjonell gangveg takast med i planane.

Vidare vil det setje krav til innbu og utstyr som kjem i møte dei krava som vert sett til kroppsøvningsundervisning. Også naudsynt lagerplass for skulane vil vere eit krav. Dette er det gjort greie for over.

Oppvekstsjefen er uroleg for rammevilkåra kring symje- og livbergingsopplæringa for elevane i sentrum og Mork. Viss Statsbygg finn grunn til å rive symjehallen på Idrettsbygget, står kring 900 grunnskuleelevar utan eigna opplæringsbasseng. Volda kommune bør legge planar for eit alternativ som bør ligg i nærleiken til hovudtyngda av elevane (les: Øyra skule og Volda ungdomsskule). Eitt alternativ kan ein tenke seg knytt til planane til VCA. Eit anna alternativ kan vere eigne kroppsøvningsfasilitetar inkludert opplæringsbasseng mellom dei to skulane.

**OS 30/17 Bustadmodular Engesetvegen 28**

**OS 31/17 Organisering arbeid Ivar Aasen bygget**

**OS 32/17 Nilletun - EPC**

## HVO Mediefag - Program: Referat Program møte 01

<b>HVO Mediefag - Program: Referat Program møte 01</b>	<b>1</b>
Måndag 30. januar 2017 Møterom Berte Kanutte 220 VIP kl. 9:45-14:30	1
Tilstades og kontaktinformasjon	1
Referat	3
Nøkkeltall - Antall personer som skal benytte funksjonene som ligger i det nye bygget:	3
Økonomi	3
Tidslinje for gjennomføring	4
Behovet for undervisningsrom i Mediebygget	4
Kapasiteten på undervisningsrom på HVO og bruken i 2016	5
Romprogram	6
Nærheitsdiagram	7
Det grønne skiftet	7
Neste møte	8

## Måndag 30. januar 2017 [Møterom Berte Kanutte 220 VIP](#) kl. 9:45-14:30

09:45-11:45: Romgruppa, Volda kommune/Ordfører og varaordfører, Statsbygg.

11:45-12:30 lunsj

11:45-13:45 Romgruppa, Volda kommune/Ordfører og teknisk sjef, Statsbygg

13:45-14:30 Styringsgruppa sluttar seg til møtet

## Tilstades og kontaktinformasjon

Statsbygg vart forsinka på grunn av tåke på Hovden og deltok frå 11:30-tida, og planlagt agenda for møtet vart tilpassa dette. Deltakarar som var tilstades på del av møtet er ført opp som tilstades

	Namn	Tittel	Telefon	Innkalla 26.01.2017	Tilstades på møte 30.januar 2017
Leder av romgruppe RG	<a href="#">Audhild Gregoriusdotter Rotevatn</a>	Dekan AMF L-RG	70075275	Innkalla til kl.9:45-14:30	Tilstades
Sekretær	<a href="#">Margrete Apelseth</a>	Overingeniør Drift	70075388	Innkalla til kl.9:45-14:30	Tilstades
	<a href="#">Reidulf Ottar Botn</a>	Rådgjevar AMF	70075076	Innkalla til kl.9:45-14:30	Tilstades
	<a href="#">Carl Jørgen Nasset</a>	Høgskulelektor AKF	70075346	Innkalla til kl.9:45-14:30	Tilstades
	<a href="#">Jørgen Warvik Lyngvær</a>	Høgskulelektor AMF	70075031	Innkalla til kl.9:45-14:30	Forfall
	<a href="#">Steinar Høydal</a>	Høgskulelektor AMF	70075160	Innkalla til kl.9:45-14:30	Forfall
	<a href="#">Tormod Utne</a>	Høgskulelektor AMF	70075219	Innkalla til kl.9:45-14:30	Tilstades

	<a href="#">Ivar John Erdal</a>	Førsteamanuensis AKF	70075425	Innkalla til kl.9:45-14:30	Forfall
	<a href="#">Erik Cyrus Fooladi</a>	Førsteamanuensis AHL	70075322	Innkalla til kl.9:45-14:30	Tilstades
	<a href="#">Håkon Bø</a>	Rådgjevar ASH	45289403	Magnar Hjertenæs Innkalla til kl.9:45-14:30	Tilstades og erstattar Mangar Hjertenæs
	<a href="#">Trygve Selnes Nielsen</a>	Høgskulelærer AMF	70075463	Innkalla til kl.9:45-14:30	Forfall
<a href="#">erche Arkitekter AS</a>	<a href="#">Gry I. Dahlberg</a>	Programarkitekt PARK	94010372	Innkalla til kl.9:00-14:30	Tilstades
Volda kommune					
Leder styringsgruppe	<a href="#">Jacob Kjøde</a>	Direktør	70075010	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
Sekretær	<a href="#">Margrete Apelseth</a>	Overingeniør Drift	70075388	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
	<a href="#">Leif Roar Strand</a>	Driftssjef	70075125	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
	<a href="#">Stig Flåskjer</a>	Sjefingeniør FADM	70075167	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
	<a href="#">Audhild Gregoriusdotter Rotevatn</a>	Dekan AMF L-RG	70075275	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
	<a href="#">Aud Folkestad</a>	Dekan AKF	70075310	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
	<a href="#">Odd Ragnar Hunnes</a>	Dekan ASH	70075296	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
	<a href="#">Arne Myklebust</a>	Dekan AHL	70075095	Innkalla til kl. 12:30-14:30	Tilstades
<a href="#">erche Arkitekter AS</a>	<a href="#">Gry I. Dahlberg</a>	Programarkitekt PARK	94010372	Innkalla til kl.9:00-14:30	Tilstades
Volda kommune					
Statsbygg	<a href="#">Tore Berg</a>	Prosjektleder PL	41542346	Innkalla til kl.9:00-14:30	Tilstades
	<a href="#">Geir Skaaren</a>	Eiendomsforvalter	91897350		
	<a href="#">Ida Strømberg</a>	Assisterende prosjektleder ass PL	99106027	Innkalla til kl.9:00-14:30	Tilstades

<a href="#">erche Arkitekter AS</a>	<a href="#">Gry I. Dahlberg</a>	Programarkitekt PARK	94010372	Innkalla til kl.9:00-14:30	Tilstades
Volda kommune	<a href="#">Jørgen Amdam</a>	Ordfører	95463942	Innkalla til kl.9:00-14:30	Tilstades
	<a href="#">Fride Sortehaug</a>	Varaordfører	90550914		Tilstades
	<a href="#">Rune Totland</a>	Teknisk sjef	99465002		Tilstades
	<a href="#">Jørgen Vestgarden</a>	Utviklingssjef	70058762		Forfall

## Referat

Leiar i Romgruppa Audhild Gregoriusdotter Rotevatn orienterte om kva førebuingar romgruppa hadde arbeida med på oppstartmøtet til romgruppa fredag 27. Januar 2017 og dei andre møtedeltakarane kom med innspel undervegs. Statsbygg orienterte om økonomi, gjennomføring og vidare arbeid med nærheitsdiagram og rombehov. Statsbygg planlegg 3 møter til i programfasen. Det er eit spesielt bygg som skal byggast med medieutrustning.

## Nøkkeltall - Antall personer som skal benytte funksjonene som ligger i det nye bygget:

- Ansatte: 50
- Studenter: 350
- Masterstudenter: 70
- Stipendiater: 6
- Gjester: 1100.

Bakgrunn for tala:

Ansatte i dag 47, auke 3.

Studentar i dag 349 på bachelor.

Masterstudentar i dag 45 på første- og andreårsstudentar. Realistisk å ta opp 30-35 studenter på master kvart år, mellom 60-70 aktive masterstudenter kvart år.

AKF har 3 stipendiatar i dag, der ein er på MKT.

Storsal er planlagt med setekapasitet på ca 500 plasser, og med om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt gulv, i tillegg kino 100 sitteplassar.

## Økonomi


Budsjett for husleige for bygget er på kr 20-22 millionar, der bidraget for Volda kommune er inkludert.

Bidraget frå Volda kommune vert bestemt på kommunestyremøte 1.mars 2017. Ordførar Jørgen Amdam opplyser at kommunen kan bidra med eit garantibeløp på 3-4 millionar i husleige for visningssal og kultursal, eventuelt opp mot 5 millionar om standarden vert høg. Utleige av salane skal dekke mykje av husleiga til kommunen. Kommunen kan leige ut kultursalen, [utleige av kultursalen om dagen er mest aktuelt til HVO](#).

Ordføraren ønsker to kostnadsoverslag, og ordføraren vil ha direkte dialog med Statsbygg for også å få vite kostnad for ideal-salen.

Ordføraren må få nødvendig underlag frå HVO og Statsbygg i god tid før kommunestyremøtet 1.mars.

## Tidslinje for gjennomføring



Kultursalen må avgjerast i løpet av mars, før anbuds konkurransen, mellom andre og tredje møte.

Programfasen skal vere ferdig i løpet av mars 2017. Parallelt skal plassering av bygget bestemast.

Anbudskonkurransen blir frå 1.april til juni 2017.

Ferdig skisseprosjekt blir truleg ferdig seinare enn 1. Juli 2017, men vil ikkje ha konsekvens for ferdigdato 1.august 2020 for det nye mediebygget

## Behovet for undervisningsrom i Mediebygget

Det nye mediebygget skal samle mediefag samt at det kan brukast av andre. Ingen studentgrupper skal verte skadelidande på grunn av nybygget.

Det skal vere undervisningsrom i det nye mediebygget, men undervisningsromma vert ikkje erstatta rom for rom, og utnyttinga av undervisningsrom må aukast. Også visningssal og kultursal kan brukast til undervisning i skuletida, korleis dette kan ordnast praktisk og økonomisk vert å kome tilbake til i samarbeid med kommunen.

Oversikt over undervisningsrom og bruken av romma er vist i tabellen under. Drift arbeider vidare med meir statistikk av bruk av undervisningsrom, samt at IT kjem med tal for datatrafikk.

Kapasiteten på undervisningsrom på HVO og bruken i 2016

Bygg	Romnummer	Storleik	Bruk TimeEdit	Bruk Datatrafikk	Bruk Projektor	*Behov Media/MKT Usabilitystudie	
HENRIK KAARSTAD-HUSET	K-104	73m <sup>2</sup>	342		330	10%	
	K-108	52m <sup>2</sup>	335		-		
	K-109	73m <sup>2</sup>	335		201	10%	
	K-110	53m <sup>2</sup>	285		431	10%	
	K-201	52m <sup>2</sup>	317		282		
	K-202	106m <sup>2</sup>	431		296		
	K-204	95m <sup>2</sup>	350		501	20%	
	K-208	52m <sup>2</sup>	299				
	K-209	53,3m <sup>2</sup>	380		214	100%	
	K-210	53m <sup>2</sup>	348		457	20%	
	naturfag	K-302	107m <sup>2</sup>	172		64	
		K-306	85m <sup>2</sup>	361		351	10%
		K-310	69,5m <sup>2</sup>	330		269	10%
BERTE KANUTTE-HUSET	Store aud	200m <sup>2</sup>	801		-	30%	
	Vesle aud	76m <sup>2</sup>	933		-	10%	
	BK-157	54m <sup>2</sup>	757		-		
	BK- 158	52m <sup>2</sup>	761		-		
	BK- 255	66m <sup>2</sup>	793		-		
	datarom	BK- 330	78m <sup>2</sup>	604		-	10%
	datarom	BK- 377	31m <sup>2</sup>	481		-	
HANS STRØM-HUSET	Strøm aud	161m <sup>2</sup>	581		-	55%	
	Strøm 242	37m <sup>2</sup>	645		-	50%	
	Strøm 243	80m <sup>2</sup>	1016		-	5%	
	Strøm 244	90m <sup>2</sup>	676		-	35%	
	Strøm 245	37m <sup>2</sup>	677		-		
Aasen	Aasen aud	133,1m <sup>2</sup>	781		1670	50%	
	Aasen 106	57,0m <sup>2</sup>	768		1379	50%	
	Aasen 107	37,3m <sup>2</sup>	715		1894	50%	
	Aasen 108	75,8m <sup>2</sup>	722		1115		
	Aasen 113	56,7m <sup>2</sup>	486		-		
	Aasen 233	52,0m <sup>2</sup>	687		867	50%	
SJUKEHUSVEGEN 6B	Sjukehusv.001	70m <sup>2</sup>	440		1340		

	Sjukehusv.109	64m <sup>2</sup>	579		1152	
	Sjukehusv.302	71m <sup>2</sup>	663		577	
	Sjukehusv.309	68m <sup>2</sup>	656		1137	
	A-pav	47,4m <sup>2</sup>	734		-	
	C-pav 13	94m <sup>2</sup>	621		2200	

\*Behov Media/MKT Usabilitystudie: Revidert 11.03.2015 er lagt til grunn.

Timeedit statistikk:

totalt disponibelt 1680 timar (klokketimar)

Kaarstad 1922 ute av drift vår 2016

Sjukehusvegen i full drift vår 2016 "reserve" hausten 2016

Search date	2016-01-01 to 2017-01-01
Search time	08:00 to 16:00
Days	Mon-Fri
Exclude date	2016-06-20 to 2016-08-16, 2016-03-24 to 2016-03-28, 2016-12-23 to 2017-01-01

Timetall frå Kaarstادهuset er mellom 16.8.2016 til 30.01.2017

Timetall frå AAsen å sjukehusvegen samt paviljonger er frå 16.8.2015 til 30.01.2017

## Romprogram

Det må lagast eit effektivt og godt program, og arealet må litt ned. Programarkitekten viste det eksisterande romprogrammet, og romgruppa vil arbeide vidare med romprogrammet der ein tek omsyn til endringar innan mediefaget og nye digitale verktøy.

Det må takast stilling til kva som må vere spesialrom som ingen andre kan bruke.

Når det nye studioet ikkje er i produksjonsfase kan studioet låsast og området brukast av andre.

Studioet kan brukast av andre også ved konferanser og som pressesenter ved store arrangement ved for eksempel Volda Campus Arena. Fleirkameraproduksjon vert som før i Strøm.

Det trengst rom for ny teknologi. 50-100m<sup>2</sup> teknologi/medialab, og det må vere høgt under taket.

Behov for teknisk kontor for gjestelærar og for ein fast tilsett som skal låne ut utstyr.

Clean-desk /arbeidsstasjon for tilsette i alle etasjar, øy/desk, 5 arbeidsplassar per etasje.

Ikkje journalistutdanning i alle etasjar og alle redaksjonar på ei flate.

Animasjon vil avskjermast.

Masterstudentar på eiga flate.

Tekniske rom må stemme i alle etasjar, IT-avdelinga må vere med å sjå til at det vert som ønska.

Kinoen i Volda har i dag 220 sitteplassar. Maskin for kino vert ståande på Volda samfunnshus. Kan kultursalen i det nye Mediebygget også vere kino ved å snu retninga på kultursalen og opne opp fleksibel vegg mot visningssalen?

Heve-senke scene.

Opne opp fleksibel vegg for å slå saman kultursal og vrimleareal.


Kan det vere permanent øvingslokale for Symfoniorkesteret? Og med tilhøyrande lagerplass for blant anna instrument.

Kommunen kan leige ut kultursalen til HVO om kvelden.

Kiosk ved visningssal, og avisdesk som er på skissa flyttast opp.

## Nærheidsdiagram

Programarkitekten viste eit forslag til nærheidsdiagram som romgruppa arbeider vidare med.



## Det grønne skiftet

Sjøppelsortering. Sykkelgarasje i Strøm-garasje, garderobe, trykkluft, vatnslange.

Høve for studentar å henge frå seg vått yttertøy.

Ladepunkt, 3 per student.

## Neste møte

Måndag 13. Februar 2017 Møterom Berte Kanutte 220 VIP

9-12: Romgruppa, Volda kommune/Ordfører og Statsbygg

12-1230 lunsj

1230-1430 Styringsgruppa sluttar seg til møtet

Til Volda kommune

Vedlagt følger dokument **201700444-3 Oversendelse av fornyet anleggskonsesjon for kraftstasjoner** fra **NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat**.

Tussa Energi AS  
Langemyra 6  
6150 ØRSTA

Vår dato: 26.01.2017  
Vår ref.: 201700444-3  
Arkiv: 611  
Deres dato: 23.01.2017  
Deres ref.: John Harald Sandbløst

Saksbehandler:  
Grete Johnsen  
22959160/gaj@nve.no

## Tussa Energi AS – Oversendelse av fornyet anleggskonsesjon for kraftstasjoner

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gitt Tussa Energi AS fornyet konsesjon for fortsatt drift av elektriske anlegg i følgende kraftstasjoner i Møre og Romsdal fylke:

- Kopa kraftstasjon i Volda kommune.
- Kolfossen kraftstasjon i Volda kommune.
- Bjørdal kraftstasjon i Ørsta kommune.
- Vatne kraftstasjon i Ørsta kommune.
- Vartdal kraftstasjon i Ørsta kommune.
- Nettet kraftstasjon i Hareid kommune.
- Ulsteindalen kraftstasjon i Ulstein kommune.

Vedlagt oversendes NVEs tillatelse.

Denne tillatelsen kan påklages, se opplysninger i konsesjonsdokumentet. Eventuelle klager vil bli sendt Dem til uttalelse før saken legges fram for Olje- og energidepartementet.

Vi ber Dem underrette eventuelle grunneiere/rettighetshavere om tillatelsen. Underretningen skal etter forvaltningsloven gi opplysninger bl.a. om klageadgang, klagefrist og retten til å se sakens dokumenter. Vi ber derfor om at kopi av tillatelsen sendes grunneierne/rettighetshaverne. Kopi av orienteringen skal sendes NVE.

Anleggskonsesjoner for ovennevnte kraftstasjoner er utløpt. På denne bakgrunn søker Tussa Energi AS i brev av 23.01.2017 om fornyelse av konsesjonene.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

